

14/135

Lindås kommune
Plan og miljøutvalet.
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
17. 09. 2014	
Ark. saksnr	Løpenr.
Saksnr.	Tilgangskode



Saknr.: 14-005 Kommune: Lindås gnr. Gardsnamn:

Områderegulering for Knarvik sentrum 14/1135 - 14/15485.

Dokumentliste:

Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsender/mottakar	Planstatus	Saksh.
2014/105507	Inn	27.06.2014	Frøydis Ones	2. gongs offentlig ettersyn	HOK

NGIR har motteke områderegulering, og har følgjande merknader:

Type renovasjonsløysing

Det står i reguleringsføresegnene at:

Avfallshandtering skal skje på ein slik måte at det ikkje bandlegg uteareal. Det skal vurderast røyrbasert avfallshandtering i alle delområde.

NGIR har pr. dags dato berre utstyr til å handtere overflatekonteinrar og spann. Viss ein ønskjer å gå vidare med andre løysingar, må dette gjerast i tett dialog med renovasjonsselskap og andre involverte partar, der ein saman ser på tekniske løysingar og korleis kostnader (både til investering og til drift) skal fordelast.

For dagens ordning (overflatebeholdarar) må følgjande omsyn takast for hentestad og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Lindås kommune har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. I tillegg er det viktig at tilkomstvegen – til hentestaden – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta den. Hentestaden bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestaden. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsveg (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestaden. Tilkomstveg og snuplass bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen, 15. sep. 2014

Henrik O. Kjøpstad

Henrik O. Kjøpstad
- kunderådgjevar -



LINDÅS KOMMUNE

Arealplan

NORDHORDLAND OG GULEN INT RENOVA IK
Lindåsvegen 1260
5956 HUNDEVIN

2014-06-27 105507

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1135 - 14/15239

Saksbehandlar:

Frøydis Ones

Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:

24.06.2014

Områdeplan for Knarvik sentrum, del av gnr 188 m. fl. - 2. gongs offentlig ettersyn

Plan- og miljøutvalet vedtok i møte den 18. juni 2014 (sak 93/14), og i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, å leggja planframlegget «områdeplan for Knarvik sentrum» til offentlig ettersyn.

Hovudføremålet med planen er å leggje til rette for at Knarvik skal utviklast med bymessige strukturar og kvalitetar, der gåande får ei klar prioritering. Gode byrom, offentlege møteplassar, og effektiv parkeringsløyseing er og vektlagt, og kollektivtrafikken er sikra tilkomst til sentrum. Planen legg vekt på at regionsenteret vert tilrettelagt for fleire funksjonar som handel, kontor, bustad og tenesteyting.

Planframlegget inneheldt følgjande dokument:

- Planomtale
- Tre plankart
- Føresegner
- Grøn overflatefaktor, vedlegg a til føresegna
- Grøne punkt, vedlegg b til føresegna
- Illustrasjonsplan, vedlegg c til føresegna
- Kvalitetsprogram, vedlegg d til føresegna
- I tillegg er det utarbeidd eit kart som viser føresegnsområda

Områdeplanen ligg til offentlig ettersyn på rådhuset, og på biblioteket i Knarvik. Plandokumenta kan og lesast på kommunen sine heimesider www.lindas.kommune.no, med lenke til braplan. Søk på planid.1263 201002.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BUR RØYNDOM



Merknader til planframlegget må sendast innan merknadsfristen, **22. september 2014**, til:
Lindås kommune, Plan- og miljøutvalet, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.
Alternativt til: postmottak@lindas.kommune.no. Merk sendinga med referanse 14/1135.

Lindås kommune vil halda kontordag og folkemøte den 26. august. Nærare informasjon om dette vert kunngjort i august.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Frøydis Ones
arealplanleggar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.